




# Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Masfjorden kommune

- *”ein kommune me er stolte av”*



*Tilrådd av kommunestyret den 18.09.2023.  
Vedteke av det nye kommunestyret 26.10.2023.*



## **Desse retningslinjene gjeld alle folkevalde og tilsette i Masfjorden kommune.**

### **1. Føremålet med retningslinjene**

Føremålet med desse retningslinjene er å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar, og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i Masfjorden kommune.

### **2. Lojalitet**

Masfjorden kommune vil leggja stor vekt på lojalitet.

Med lojalitet meiner me at folkevalde og tilsette

- følgjer lover og føresegner m.m. som er fastsette av overordna sentrale styresmakter.
- følgjer reglar, retningslinjer og instruksar som Masfjorden kommune har fastsett med heimel i sentrale lover og føresegner m.m.
- til ei kvar tid er merksam på og har for auga tilhøve som kan ha uheldige verknader i høve til kommunen sitt ålmenne omdømme eller tillit mellom folk.
- til ei kvar tid gjer sitt beste for å forvalte kommunen sine interesser og verdiar på ein for samfunnet best mogleg måte.
- viser kollegaer, føresette og underordna respekt i omtale og handling.

### **3. Informasjon**

I all sakshandsaming og verksemd, skal me leggja vekt på å få fram fullstendig, korrekt og sakleg informasjon som grunnlag for dei avgjerder som skal takast. Dette gjeld og munnleg informasjon gitt i møte e l.

Fortruleg informasjon må respekterast og ikkje misbrukast til personleg vinning eller til skade for andre.

### **4. Myndigheit**

Myndigheit (makt, løyve, fullmakt) gjeve gjennom verv som folkevald, gjennom andre kommunale tillitsverv eller i kommunale arbeidstilhøve, skal nyttast til sitt føremål.

Myndigheit skal ikkje nyttast for å oppnå personlege fordelar, personleg vinning eller for å fremja personlege interesser.

Myndigheit skal nyttast med særleg varsemd overfor dei som har små ressursar og som vanskeleg kan hevda sine rettar.

### **5. Gildskap**

Alle som legg til rette for, og fattar vedtak i kommunen, er bundne av forvaltningslova sine reglar om gildskap. Tilsette har sjølvstendig plikt til å varsle sine overordna om gildskap slik at dei kan fritakast for vidare medverknad med saka. Ved tvil om gildskap skal den tilsette ta dette opp med næraste leiar.

For folkevalde skal spørsmål om gildskap takast opp med det politiske organet den folkevalde er representant i. I praksis må den folkevalde sjølv ha ansvar for å ta opp spørsmålet om eigen gildskap. Ved val til politiske utval skal valnemnda vurdere om medlemmene kan komme i lojalitets- og interessekonfliktar.

Ein bør som hovudregel søkje å unngå at personar i nær familie kjem i underordna/overordna forhold til kvarandre ved tilsetjingar for å unngå ugildskap og eventuelle andre forfordelingar.



## 6. Økonomiske og andre fordelar

I all saksførebuing og vedtak elles, skal me leggja vekt på å ha ei fri og uavhengig stilling. Økonomiske eller andre interesser og tilhøve som kan verka inn på eller så tvil om at sakshandsaming eller avgjerder er saklege, skal me unngå.

Me må difor:

- for oss sjølv eller andre ikkje ta mot gåver, provisjon, tenester eller andre ytingar som kan oppfattast som, eller av gjevaren vera meint som, påverknad i samband med tenesteyting/saksutgreiing e l.
- vera varsame med å ta imot invitasjonar til reiser o l. (gratisreiser m m) utan på førehand å ha vurdert konsekvensane med overordna. Deltaking i eventuelle gratisreiser/seminar skal skje med utgangspunkt i fagleg nytte.
- Masfjorden kommune ynskjer at politikarar og administrative leiarar registrerer sine styreverv og økonomiske interesser i dei register som er oppretta for kommunesektoren.

## 7. Interessekonflikt

Det er viktig å unngå situasjonar og aktivitetar som kan føra til konflikt mellom kommunale og personlege interesser.

Døme på slike moglege interessekonfliktar:

- Forretningssamband eller andre liknande bindingar med tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollegaer.
- Løna ekstraarbeid som kan verka inn på eige arbeid i Masfjorden kommune.
- Engasjement i interesseorganisasjonar/-lag, der engasjement kan føra til at vedkomande kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til Masfjorden kommune si verksemd.
- Familiære eller andre sosiale samband.
- Dersom me har personlege interesser i ei sak eller på eit område der me har fagleg ansvar eller myndigheit, skal med ta dette opp med overordna.

## 8. Sosiale media

Med sosiale media tenkjer ein på sosiale nettverk som Facebook, Twitter, LinkedIn, Tik tok, bloggar, fora, diskusjonssider, kommentarfelt i aviser/nettaviser og på bloggar og liknande.

Det er viktig med refleksjon kring korleis arbeidsrelaterte forhold vert kommentert på sosiale media. Reglane om teieplikt, personvern, ytringsfridom, lojalitetsplikt m.m. som ein må ta omsyn til i sin jobb i Masfjorden kommune, gjeld og når ein opptrer som privatperson i sosiale media. Negativ omtale av brukarar/pårørande/kollegar/ arbeidsplassen vert ikkje akseptert.

Den tilsette bør vurdere nøye om ein som privatperson skal ha kontakt med elevar/ brukarar/ påørande/leverandørar i sosiale media. Sjølv om ein i utgangspunktet synest det er greitt å skilje mellom rollane, kan dette over tid føre til situasjonar som kan opplevast som problematisk for begge parter. Opplysningar som er publisert på internett kan bli varig lagra.

## **9. Åtferd**

Alle har eit felles ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og utvikle ein kultur prega av openheit, integritet, likeverd og respekt.

Alle som representerer Masfjorden kommune, må vidareutvikla og arbeida for å styrkja den etiske standard og åtferd i politikk og administrasjon.

Leiarar på alle nivå (politiske og administrative) har eit særleg ansvar for å leggja vekt på personleg integritet, vidareutvikling av etisk forsvarleg åtferd og å gjera desse retningslinjene kjend for politikarar og tilsette.

## **10. Uønskt åtferd/rett til å varsle**

Ingen skal diskriminere, mobbe, trakassere eller gjere forskjell på personar, kundar eller innbyggjarar.

Ein føreset og krev, at folkevalde og tilsette viser respekt for kvart einskild menneske, uavhengig av personlegdom, kjønn, seksuell legning, alder, religion, livssyn, etnisitet, politisk overtyding og andre grunnleggande føresetnader. Det er nulltoleranse for seksuell trakassering, og det vert ikkje tolerert at tilsette eller folkevalde vert utsett for, eller utøver, slikt maktmisbruk.

Kommunen pliktar å legge forholda til rette for varsling. Masfjorden kommune har eit eige rutinar for varsling. Melding om uønskt åtferd/uheldige tilhøve i slik samanheng, skal skje i samsvar med kommunen sine varslingsrutinar. I særlege tilfelle bør det varslast med tilvising til Arbeidsmiljølova kapittel 2A, §§ 2 A1 - A4. Leiarar har eit særleg ansvar for at medarbeidarar som avdekkjer og varslar om uheldige tilhøve, vert følgde opp i samsvar med kommunen sine reglar og rutinar.

Folkevalde som vert kjende med brot på dei etiske retningslinjene, skal varsle ordføraren.

## **11. Oppfølging**

Kvar einskild folkevald og tilsett i kommunen, har ansvar for å følgje dei etiske retningslinjene.

Det er eit leiaransvar at brot på retningslinjene vert påtala og at moglege reaksjon vert vurdert.

Brot på retningslinjene kan få konsekvensar for den enkelte sitt arbeidsforhold.